# Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: R3I3C6    Registrert dato: 19.03.2021 08:02:53

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

- (x) Personleg
- ( ) På vegner av føretak/lag/foreining

### Opplysningar om innsendaren


Førenamn
Olav-Kåre

Etternamn
Tykhelle

Adresse
Mongstadveien 162A

| Postnummer | Poststad |
|---|---|
| 5955 | LINDÅS |

Telefon
90501168

E-post
olav-kaare.tykhelle@online.no


## Høyringsuttale

### Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- (x) Detaljreguleringsplan Fv 57 gang-sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad
- ( ) Detaljregulering for fv. 564 Fløksand-Vikebø

Uttale

Eg er eigar av 118/1, gardsbruk på Tykhelle. Har tidlegare sendt inn kommentar om planlagt anlegg og ser at det er svært lite som er tatt til følge.
Hovedkrav om å etablera planfri kryssing for å nytta eigne eigedommar og få sikker tilkomst til gang og sykkelveg på Tykhelle står sjølvsagt fast. Gardane her er i  LNF-område, og dersom det skal takast på alvor, kan ein ikkje stenga brukarar ute frå å nytta eigedomane, ROS-analyse for området tar ikkje høgde for dette, og må oppdaterast for å visa verkelegheita. Det er berre flaks og tilfeldighetar som gjer at alvorlige ulykker ikkje har skjedd so langt. At det vart dødsulykke p.g.a ferdsle langs vegen ikkje langt her frå, var ikkje uventa. Me som bur tett på denne vegen kjenner på utrygghet kvar einaste gong vegen må kryssast eller ferdas på/ved.

Tilførselsvegar til mine naboar på 118/2 og 3 er i alle fall ikkje teikna inn av nokon som har vært på staden og sett på området. Det er rett og slett skremmande kunnskapsløyse.

Eg ønskjer at ansvarlege beslutningstakarar tek ei befaring på staden saman med meg. Kart og terreng stemmer ikkje alltid overeins. Det ein ser på ein PC-skjerm er noko heilt anna enn å vera ved vegen og kjenna dragsuget av utallige 30-tonns lastebilar som køyrer forbi.